

INFORMASJON

# KYRKJEBLADE

FOR KVAM

NR. 4 • NOVEMBER 2021  
82. ÅRGANG



## FRAMSIDA

Biletet på framsida er laga av den lokale kunstnaren Audun Storaas (1922-2021) og vert trykt med velviljig løyve. Sjå side 23 om utstillinga som skal markera hundreårsdagen for fødselen hans i Norheimsund kyrkje i 2022.

## UTANBYGDS ABONNENTAR

Har du nokon i familien som vil vera glad for å få Kyrkjeblad for Kvam tilsendt? Send namn og adresse til post.kvam@kyrkja.no, merk emnefeltet med Ny abonnent, evt bruk tlf eller brev.

## SØNDAGSSKULE I ØYSTESE

Datoane for søndagsskulen i Øystese på laurdagar første halvår 2022 kjem så fort dei er klare på kyrkja si nettside, www.kyrkja.no/Kvam.

Kari Furnes Aalvik  
Øystese søndagsskule

## JULEGÅVE

Det kostar å laga og sende ut blad. Me er takksame viss du nyttar vedlagt giro til ei gåve til kyrkjebladet for Kvam.

## LEIAR

# Resten av ditt liv

«I dag begynner resten av ditt liv», sang den unge jenta på dei kristne leirane i min ungdom.

På veg mot julehelg og årsskifte er det ein kunst å ha fleire tankar i hovudet på ein gong. Her er to: Det er ein kunst å vita kva ein ynskjer seg og vera fornøgd med det ein har – samstundes. For så vidt er desse to tankane gagnlege kvar dag, men i møte med jul og nyttår er dei ekstra nyttige.

Mange av oss tenker lett: Berre det vert jul, så skal eg slappa av! Berre det vert nyttår, så skal eg starta eit nytt liv med å gjera det eine og det andre! Men det er i dag resten av livet startar. Det er i dag du både kan slappa av og starta det eine og det andre!

Kwart år ber eg som prest for dei som kvir seg til julehelga. Før sommaren ber me i gudstenestene for dei som kvir seg til sommarferie. For: det kan vera verre å ikkje ha det kjekt når alle andre tilsynelatande har det svært kjekt, til dømes framfor den første jula med ein tom stol i heimen, på krykkjer, med eit barn i utlandet eller etter eit samlivsbrot, for å nemna noko.

Lars Arne Vik

Redaktør



Det er ein kunst å leva slik at me både ser tapa til menneska rundt oss og let andre sjå våre eigne tap. Det er lett å oversjå, eller ikkje vilja sjå smarta til eit anna menneske. Det er lett å skjula si eiga smerte eller stengja ute andre sine omsorgsfulle blikk.

Eit nytt år er eit nytt år, med mange blanke dagar. Men me har dagen i dag, me som lever. Det er i dag eg kan ta imot det dei rundt meg vil gi meg. Det er i dag eg kan dela av det eg har med dei som er rundt meg. Det er i dag eg kan sjå – og vera sett!

Sangen frå leirane i min ungdom fortsette slik: «Så ikke sløs bort tiden med tomt tidsfordriv. For i dag begynner resten av ditt liv.»

Innimellan er det godt å gjera noko utan mål og meinings, eller ikkje gjera noko med mål og meinings. Kva som er tomt tidsfordriv er no alt etter som.

Og så er det så godt når nokon ser meg slik eg er, eller eg ser ein annan slik han eller ho er.

Grip dagen!

God jul! Velsigna nytt år!

I dag begynner resten av ditt liv.



### Utgjevar:

Vikøy, Øystese og Ålvik sokneråd

### Ansvarleg redaktør:

Lars Arne Vik, lv767@kyrkja.no

### Grafisk produksjon:

Norheimsund Trykkeri AS

### Trykk:

HBO Nova Print AS



Miljømerket trykksak 241 600



### Kontingent:

Friviljug

### Annonsar:

Kontakt redaksjonen

### Bankkontonummer:

3530 07 06922 for kontingentar og gåver

### Opplag:

3800 pr. nummer. Fire nummer i året.

### Tips til stoff:

Send til post.kvam@kyrkja.no



### DEN NORSKE KYRKJA

Kvam kyrkjelege fellesråd

### Telefon:

414 00 035 / 474 83 120

56 55 18 88 er ikkje i bruk lenger.

### E-post:

post.kvam@kyrkja.no

### Vitjingsadresse:

Kvam kyrkjekontor, Norheimsund kyrkje,  
Kyrkjev. 40, Norheimsund

### Postadresse:

Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND

**Informasjon om våre tenester, kontakt-informasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:**  
[www.kyrkja.no/Kvam](http://www.kyrkja.no/Kvam)

### Facebook:

Den norske kyrkja i Kvam

**Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps, søk opp det einskilde sokneråd.**

### Soknepresten i Strandebarm og Vikøy:

Roar Strømme,  
rs466@kyrkja.no, tlf. 970 37 737

### Soknepresten i Øystese og Ålvik:

Lars Arne Vik,  
lv767@kyrkja.no, tlf. 477 56 449

### Kyrkjeverja i Kvam:

Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland,  
se934@kyrkja.no, tlf. 414 00 035

### Rådsleiarar

#### Strandebarm sokn:

Olav Per Tombre,  
olav@tombre.no

#### Vikøy sokn:

Ingvill Sørheim,  
ingvill.sørheim@framnes.vgs.no

#### Øystese sokn:

Oddvar Ulltang,  
oddvar@ulltang.net

#### Ålvik sokn:

Ragnhild Irene Nordheim,  
ragnhild.nordheim@gmail.com

#### Kvam kyrkjelege fellesråd:

Olav Per Tombre,  
olav@tombre.no

### Organisasjonsnummer

**Kvam kyrkjelege fellesråd:**  
976 995 082



# Velsigninga forpliktar

**Strutsen er eit fint dyr, men å stikke hovudet i sanden er kanskje ikkje det me skal gjere? Skal me liksom stå der, med alle julegåvene våre og late som alt er såre vel i resten av verda, skriv Gjermund Øystese i juleandakten.**

Nordmenn er glad i tradisjonar. Noko av grunnen til dette trur eg er at tradisjonar representerer eit fast haldepunkt i ei tid kor mykje opplevast svært flytande og usikkert med koronavirus og klimaendringar snikande rundt hushjørnet. Som menneske er me avhengige av ankerpunkt i livet. Noko som ikkje forandrar seg.

Jula, påska, 17-mai representerer alle noko som bind saman. I jula vert familien satt i sentrum, og ein kan lene seg attende og slappe av med julegåvene og den gode maten. Samstundes er julehøgtida ei tid med store motsetningar; fattig og rik, svolten og mett, sjuk og frisk. I fjor sat me ny rekord og brukte omlag 124 milliardar kroner på julegåver.

Julehøgtida har for lengst blitt forbrukarsamfunnet si høgtid, og me står i fare for å gløyme kva høgtida faktisk handlar om. Me har det svært godt i Noreg. Det er ei velsigning som forpliktar oss. For me kan ikkje lukke auga for det som hender i verda. Me kan verkeleg ikkje tåle så *inderlig vel den urett som ikkje rammer oss sjølve*. Strutsen er eit fint dyr, men å stikke hovudet i sanden er kanskje ikkje det me skal gjere? Skal me liksom stå der, med alle julegåvene våre og late som alt er såre vel i resten av verda? At så lenge me har sikra våre grenser og gjort det vanskelegast mogleg for trengande å få kome inn i dette landet, så er alt på topp? For det er jo trygt, så lenge augo våre ikkje treng å sjå den uretten som skjer ute i verda. Me kan jo berre skru av flatskjermen.

Dei menneska som lever i land herja av krig, fattigdom og klimaendringar kan ikkje skru av. Uretten i verda gjer at menneske mange stader ikkje har anna val enn å flykta frå sine heimland og tradisjonar. Desse menneska har ingen faste haldepunkt i tilværet. Kvar skal dei gjere av seg i jula? Det er flaut at me i det hele tatt kan

tenke; Norge først, så resten av verda. Det er jo denne tankegangen som har ført til dei store skilnadene me ser i verda i dag.

Dette gjer meg trist. Eg meiner ikkje at det er feil å gje gåver, men det vert altfor mykje fokus på kva ein skal ynskje seg til jul. Som om alt dreier om det. Eg må innrømme at eg verkeleg sleit med å finne noko eg ynskte meg til jul i år. For kva betyr ein skarve julegåve i den store samanhengen?

Vel, strengt tatt er det faktisk akkurat dette jula handlar om. Sjølve julegåva, den største gåva som nokosinne er blitt gjeve. Ei gåve med uendeleg verdi. Ein gåve gjeven med grenselaus kjærleik til alle menneske.

Ei gåve som ikkje kjenner nokon landegrenser. Ei gåve som ikkje krev at du skal gje noko attende, men som berre krev at du tek imot. Jula handlar om den største kjærleiksgjerninga gjennom alle tider. Guds gåve til mennesket, Hans einaste son, Jesus Kristus. Vår frelsar. Verdas lys og håp.

I Jesaja 61,1 står det:  
*Herren Guds ande er over meg,  
 for Herren har salva meg.  
 Han har sendt meg  
 for å forkynna ein god bodskap for  
 hjelplause,  
 for å forbinda dei som har eit knust hjarte,  
 ropa ut fridom for dei som er i fangenskap,  
 og frigjering for dei som er bundne.*



Gjermund Øystese arbeider som kommunikasjonsrådgjevar i Norges kristne råd, held på med mastergrad i praktisk teologi og leiing, bur i Bergen og er son av Wenche Elise Hagerup Øystese og Arne Olavson Øystese i Øystese. Biletet er frå Klimatoppmøtet i Glasgow i november.



# Jul i kyrkjene våre

## 1. søndag i advent

28.11.

- Norheimsund kyrkje kl.16  
Lysmesse
- Ålvik kyrkje kl.17  
Lysmesse

## 2. søndag i advent

5.12.

- Strandebarm kyrkje kl.11  
Nattverd
- Øystese kyrkje  
Fakkeltog for forfølgde kristne kl.18  
Lysmesse kl.19

## 3. søndag i advent

12.12.

- Norheimsund kyrkje kl.11  
Nattverd. Sundagsskulen har  
Lucia-fest.
- Strandebarm kyrkje kl.17  
Me syng jula inn

- Norheimsund kyrkje kl.14.30  
Julaftangudsteneste
- Vikøy kyrkje kl.16.30  
Julaftangudsteneste
- Strandebarm kyrkje kl.16.30  
Julaftangudsteneste

## 4. søndag i advent

19.12.

- Øystese kyrkje kl.11  
Adventsgudsteneste. Nattverd.

## Julaftan

24.12.

- Ålvik kyrkje kl.14.30  
Julaftangudsteneste
- Øystese kyrkje kl.14.30 og kl.16  
Julaftangudsteneste

## Juledag

25.12.

- Norheimsund kyrkje kl.12  
Felles høgtidsgudsteneste.  
Nattverd.

## Nyårsaftan

31.12.

- Strandebarm kyrkje kl.16  
Minnegudsteneste
- Norheimsund kyrkje kl.18



**KONFIRMANTAR I ÅLVIK:** Tord Myrvold Aksnes, prost em Arne O. Øystese og Linn Svendsby. Foto: Fotgrafmeister Eric Clement.

JULEBREV FRÅ MADAGASKAR

# Litt himmel på jord



«Fred på jorda!» song englane julenatt. Kvifor er det då så mykje urett og strid i verda framleis, to tusen år seinare? Israel hadde venta på Messias i hundrevis av år. Så kom han, men mange kjende han ikkje att. Dei hadde venta ein ny kong David som skulle fria dei frå overmakta og leia dei til ny stordom som nasjon, men vart skuffa.

Frelsaren kom som eit sonofferlam for oss alle. Men neste gong kjem han att som løva av Juda, og med han kjem fullendinga som Israel venta på. «Mange folk skal gå av stad og seja: «Kom, lat oss fara opp til Herrens fjell, til huset åt Jakobs Gud, så han kan læra oss sine vregar, og vi kan ferdast på hans stigar!...» Han skal døma mellom folkesлага, skifta rett for mange folk. Då skal dei smida sverda sine om til plogjern og spyda sine til vingardsknivar. Folk skal ikkje meir lyfta sverd mot folk og ikkje lenger læra å føra krig.» (Jes. 2,3-4)



Men medan me ventar på dette er det opp til kvar av oss å ta imot han som kom, og gjera mot andre slik me vil at andre skal gjera mot oss. Då vert det litt himmel på jord. God jul!

**Jan Vidar Grindheim**  
jan.grindheim@hm-int.org

JULEBREV FRÅ KENYA

# Fortsatt vidopen himmeldør



**Anna Mette Hals Klyve og Gaute Soldal Klyve** er misjonærar for NLM i Aust-Afrika og arbeider på Den norske skulen i Nairobi i Kenya.

Vi står på Ngong Hills, desse åsane litt utanfor Nairobi som gir oss utsikt over Rift Valley i ei retning, og ut mot byen i den andre. Vi ser langt og mykje. Og likevel berre ei flis av verda, og ein prikk av skaparverket.

Det blir jul, og vi undrar oss over at Opphavet til alt, Skaparen, Jesus, vart født og låg naken i ei krybbe. Og vi les kvifor;



**Iver Johannes Klyve og faren Gaute Soldal Klyve** på veg ned frå nye nutar i Nairobi.

“Du skal gje han namnet Jesus (=Gud frelser), for han skal frelse folket sitt frå syndene deira,” Matt 1,21. Himmeldøra er fortsatt vidopen for alle som treng Jesus, som ikkje får til sjølv. Vi treng. Takk, Jesus!

**Helsing Anna Mette og Gaute annamette27@gmail.com  
Gklyve@yahoo.no**

## Muntert frå emeritus

I spalta Muntert frå emeritus kjem prost emeritus Arne O Øystese (70) med gode stubbar frå si lange prestetid, oppvaksen i Kvinnaherad som presteson, sjømannsprest på ulike stasjonar i Europa og USA og den siste yrkesaktive tida som prost i Indre Ryfylke.

Arne O Øystese



Prost emeritus

## Overhøyring

Før var det vanleg å ha overhøyring og konfirmasjon same sundag. Fullsett kyrkje. Store konfirmantkull. Gutar og jenter oppstillte på kyrkjegolv. Presten hadde spørsmål frå katekisma, Bibelen og salmeboka.

Denne presten – med stor menneskekunnskap og pedagogisk innsikt – kom til Arne. Han hadde ikkje lett for å læra, så presten hadde eit lett spørsmål:

- Du Arne, kan du seja fram den vesle bibel?
- For så høgt har Gud elskat verda, at...

Lenger kom ikkje konfirmanten.

- Fint, sa presten, -prøv ein gong til!
- For så høgt har Gud elskat verda at han gav Son sin...

Arne prøvde ein tredje gong, men kom ikkje stort lenger. Spenninga og stilla i kyrkja var til å ta og føla på: kva skjer no?

Presten tenkte så det knaka: korleis koma ut av denne situasjonen med konfirmanten si ære i behold?

- Arne, no skal eg sei fram det meste av den vesle Bibel, og så tek du slutten! 'For så høgt har Gud elskat verda at han gav Son sin den einborne, for at kvar den som trur på ha, ikkje skal fortapast, men.....'

Der stogga presten. Han ser på Arne med tydeleg forventning om at han skal fullføre bibelverset.

Arne ser igjen på presten, og seier til han i fullt alvor:

- Ja, no sete me godt i da, presten!



**KONFIRMANTAR I NORHEIMSUND:** 1.rad: Hannah Lundblad Vestbøstad, Iselin Øyeflaten, Emilia Sjøflot Byrkjeland, Ashley Kalisaurusaro, Leah Skeistrand Garen, Mathe Hoff, Elina Seim og Synva Valland Steine. 2.rad: Kateket Mampion Andriamanidby, Siri Øvsthø, Jarand Valland Tveit, Aksel Byrkjeland, Joar Fosso, Viljar Berge Eide, Markus Rørvik Lilleskare, Jason Dominique Mo, Tobias Kristiansen Lyngbø, Thor Leif Ljones Johnsen, Jonas Tufteland, Haakon Nelson Mo, Sander Carlsen Midtrød, Tiril Valland Ystheim og prestevikar Marna Roer. 3.rad: Hallvard Martinus Helleve Fylkesnes, Håvard Grane Hisdal, Jonas Øvsthø, Are Tvedterås Fagervik, Jonathan Dagsvik Augestad, Aksel Johannes Ones Rosales, Hallvard Mo, Andreas Garen, Kevin Matare og Nikolas Bakke-Byrkjeland. Foto: Fotografmeister Eric Clement.

# Tørvikbygd indremisjon

I forrige nummer av bladet vart aktiviteten på fleire av bedehusa i Kvam presentert. Her kan du lesa om kva leiar i TIM Oddrun Småbrekke mellom anna skriv om strikkekafe og leksehjelp på Tørvikbygd bedehus

Tørvikbygd indremisjons sitt ønske er å formidle evangeliet til folket og til å få nye med i det kristne fellesskapet. Styret har også ansvaret for driften og vedlikeholdet av bedehuset. Det krever en del arbeid, og for å få økonomi til driften har vi en årlig en basar. Vi har også en leilighet i huset som er utleid.

Bedehuset vårt blir brukt til gravferder og da er det ofte minnesamvær på huset. Medlemmer bidrar da med dugnadsarbeid. Vi utfører det praktiske arbeidet og koker betasuppe til minnesamværet. Dette er et arbeid som vi syns er viktig og meningsfylt. Det er godt å stå sammen i slike stunder. Vi har en del faste arrangement:

## Strikkestova

På strikkestova møtes vi mandag hver 14. dag fra kl. 11.00 til 13.30. Vi server gratis kaffe og kake mat. Det sosiale fellesskapet er viktig. De aller fleste strikker og flere har bidratt med å lære oss gamle strikkeserdigheter. Takk til alle som har vært med å strikke fine babypper, luer, votter og

labber til MAMA-prosjektet i Manila på Filipinene. Guds ord blir formidlet og ulike humoristiske innslag er en del av det faste programmet.

**Etter skoletid** er for alle i fra 4 -7 klasse. De har møtene sine annenhver mandag fra kl. 13.30 til 15.00. De kommer fra skolen etter hvert som de er ferdige. De første som kommer, gjør lekser til kl. 14.00, da alle er kommet. Da har de andakt, sang, mat og ulike leker eller aktiviteter. Det er et viktig arbeid.

## Bønnemøte


Hver torsdag er det bønnemøte kl. 19.30 dersom det ikke er et annet møte.

## Indremisjonsmøter

Indremisjonen har ulike møter og fester. Vi prøver å ha søndagsmøter ca. en gang pr. måned. Kvinneforeningene har hatt foreningene sine på bedehuset etter Koronapandemien startet, for å kunne overholde reglene om avstand.

Det er flere misjonsorganisasjoner som har sine faste møteuker og møter igjennom året. DELK leier huset vårt til sine gudstjenester.

Vi har et godt hus som flere leier det til ulike private arrangement, f. eks. konfirmasjon, bryllup m.m.



Sjå, eg står for døra og bankar. Om nokon høyre mi røyst og opnar døra, då vil eg gå inn til han, og halda nattverd med han, og han med meg, Op 3,20.

Styret ønsker dere alle en rik og god julehøytid og et velsignet godt nytt år.

**Tørvikbygd indremisjon  
Oddrun Småbrekke  
leder**

## NYTT FRÅ KYRKJEVERJA

## Tilbake til normalen?

Etter halvanna år med korona-spøkelset hengande over skuldrene, håpar me å kunne møte ei julehøgtid utan restriksjoner. Me gleda oss til julekonsertar og fulle kyrkjer i jula.

Samstundes øva me oss på å leve og drive kyrkja utan smittevernreglar. For meg er dette ein ny kvardag, og mye ny læring. Me er og spente på om de har lagd dykk nye vanar underpandemien, om de vil halde på dei nye vanane eller om de kjem tilbake til vanane de hadde før. Uansett ynskjer me dykk velkomne til kyrkjes, anten det er på gudsteneste, konsert eller andre arrangement.

Vestlandsværet merkar kyrkjene våre, og me står føre nokre utfordringar når det gjeld vedlikehald og mogleg restaura-

rering. Tak og vindauge treng ettersyn og reparasjon. Noko anna som treng ettersyn er gravene. Det er den som festar grava som har ansvar for den, og det gjeld og gravsteinen. Når gravsteinen ikkje er bein, må den rettast opp. Det kan du anten gjere sjølv, eller du kan ta kontakt med oss, så hjelpe me deg med å få steinen bein og trygg igjen.

Kyrkja er ikkje berre kyrkjebygga, det er sokna, det er kyrkjegjengarane og det er dei som jobbar her. Etter ein del leiting, har me no fått ein vikar innanfor trusopplæring, Bryna Opdal, me gler oss til å verte kjend med henne.

Me nærmar oss den høgtida flest menneske finn vegen til kyrkja, jula. Denne jula kan me ta fram dei gamle tradisjonane med

**Sigrid Karoline  
Eriksen-Tufteland**

Kyrkjeverje



kyrkjebesøk på julekvelden, utan påmelding. Tida me går inn i, med mørke kveldar, hauststormar, regn og snø, innbyr til å sitje inne. Under koronapandemien sat mange av oss mykje aleine, og mange kjende på einsemld. Kanskje du kan nytte høvet til å invitera nokon det er lenge sidan du har snakka med, eller som du veit har sete mykje aleine, eller ta ein kaffikopp med ein gammal nabo eller ein ny ven. Eg ynskjer for denne advents-, førjuls- og juletida at det vert ei tid med mange hyggelege møte mellom menneske, og at me alle får kjenna på det å høyra til, anten det er i familien, veneflokken eller eit anna fellesskap.

Så håpar eg at du finn vegen til ei av dei flotte kyrkjene våre i tida fram mot jul. Og i jula. Med dette ynskjer eg dykk ei God Jul.

# Nytt år – nye tonar

Roar Strømme

Sokneprest i Strandebarm sokn og Vikøy sokn



I førre nummer av kyrkjebladet skreiv me at i haust vert me møtte av nye tonar i kyrkja. Noko nye tonar har det vorte. Men den liturgiske ny-ordninga som me annonserte er utsett til over jul. På nyåret vil me såleis oppleve at dei faste ledda i gudsteneste, som Kyrie og Gloria, vert sunge til andre tonar enn dei me har vorte vane med dei siste åra.

Som me skreiv sist, er bakgrunnen at alle sokna i landet no må halde seg til ein av ein av tre, sentralt fastsette, musikalske variantar. Dette gjeld både høgmessa og familiegudsteneste. Etter at me har hatt ein god prosess på dette i Kvam, har sokneråda konkludert litt ulikt.

Vikøy og Strandebarm har som høgmesse vald den «tradisjonelle» varianten,

som liknar den me hadde før den siste liturgi-revisjonen. Mange vil såleis kjenne att melodiane i denne. Øystese og Ålvik har vald den «moderne» varianten, som er noko meir rytmisk prega. Det meste her er nytt, men så iøyrefallande at dei fleste vil lære det fort. Som familiegudsteneste Strandebarm og Vikøy sokna vald den «moderne» varianten, Øystese og Ålvik ein som liknar på det som har vore nytt i dei siste åra. I faste- og fest-tidene kan me også nytte liturgisk musikk som har preg av desse særskilde periodane i kyrkjeåret.

At me me no får litt ulike liturgiar ved høgmessene i Vikøy/Strandebarm og Ålvik/Øystese kan krevje litt tilvenning. Men vonleg vil det det gjere det enda meir spanande å krysse soknegrensene og feire

gudsteneste hos kvarandre. Dette er det stadig fleire som gjer, til glede for både dei som er «innan-sokns» og dei som er «utan-sokns».

Uansett vil det meste som skjer vi gudstenesta vil uansett vere kjent, og me gjev oss tid til å lære det som måtte vere nytt. Vona er at dette vil verke fornyande og forsterkande, slik at me kan feire gudsteneste saman med enda meir deltaking, engasjement og glede,- Gud til ære og oss til gagn.



**KONFIRMANTAR I ØYSTESE:** 1.rad:Andrea Sørheim Almeland,Vilde Torpe, Natalie Ameli Håbjem, Anja Øvrehus, Ingrid Børve og Sanne Valland Vangen. 2.rad: Kateket Mampion Andriamandimby, Linn Mengfang Øvrevik, Johanna Børven Mikkelsen, Elisabeta Amanalachioai, Hedda Hoen Mo, Isabel Froestad Sleire, Thethe Umbo Banze Longo og Amy Vikør Måge. 3.rad: Konfirmantlærar Eivind Daniel Brakvatne Røed, Yngve Kåreid, Tobias Børve Hamre, Petter Kristiansen, Asgaut Laupsa Mo og sokneprest Lars Arne Vik. Foto: Fotografmeister Eric Clement.



**Musikalsk føremiddagstreff  
om lag første onsdag i månaden  
vår 2022 i Øystese kyrkje  
kl 11.00-12.45**

Song og musikk, tema, ord for dagen,  
salimestafett og enkel lunsj

**11. januar**

Trygve Bjerkheim –  
1900-talets største bedehuspoet  
v/tidl høgskulelektor Harald Myklebust

**1. februar**

Solrunn Nes deler  
barndomsminne frå Nes  
Samefolkets dag vert markert

**1. mars**

Torunn Øyri Jordal og Kåre Jordal  
fortel frå sykkelturen «Roma til Paris»

**5. april**

Tilsyn og Pleie  
i Sykdom og Alderdoms dager  
Kven utførte omsorgstenester før,  
privat og som opptakt til  
organiserte fellestiltak  
v/Marie Elisabeth Skutlaberg

**3. mai**

Helse i kvar postkasse  
Fysipterapeut i Harangerbadet  
fysioterapi Tove Fjell  
fortel om Postkasstetrimmen

**7. juni**

Den gode alderdomen i Kvam –  
i brakke- eller demenslandsby?

Arr: Øystese sokneråd



**Føremiddagstreff  
i Norheimsund kyrkja  
siste torsdag kvar månad  
kl. 11.00-13.00**

27. januar, 24. februar,  
31. mars, 28. april m/fleire

Ymse program. Servering.

Arr: Vikøy sokneråd

**NÅR FREDEN LANDER STILT**

# Ungdomskoret spelar inn juleplate



Frå solistinnspelinga der me ser Esmee van der Linden gjennom studiovindauga i Øystese bedehus.

Med pandemi, nedstenging og avlysningar friskt i minnet, hadde styret i Norheim-synd og Øystese ungdomskor lyst på ein kjekk og litt annleis haust. Innspelinga av påskecden «Fast som fjell» som kom i 2019 gav meirsmak og lysten på eit liknande prosjekt var stor.

Ein varm augustkveld starta koret innøving av julesongar(!). Koret harhatt tre innspelingsdagar i Øystese bedehus. Ni ulike solistar medverkar. Plata har fått namnet «Når freden lander stilt». Denne teksten er henta frå åpningssporet «Himmelen er større». Elleve songar har fått plass. For det meste er det julesongar av nyare dato, men ein gammal klassikar avsluttar albumet.

Ein av songane er rykande fersk! Ein gammal tekst av Trygve Bjerkheim har fått

ny melodi til dette prosjektet. Vidar Sangolt er produsent og har stått for arrangement og innspeling. Miksing blir gjort av Bjørnar Sangolt i GUFF studio og mastering ordnar Torgeir Kinne Solsvik i Kinne Piano Studio. Coverdesign blir gjort av Bodil Eide Laupsa i Glynt og fototenester blir levert av Katrine Helgheim Van Tulder i Fjordmoods AS. Dette er eit kortreist, lokalt produkt, med andre ord. Innspelinga kjem ut både på cd og alle digitale streamingtenester. Cden er venta å bli klar til første helga i advent.

Laurdag 11. desember kl. 19.00 kan du oppleve konsertversjonen av «Når freden lander stilt» i Norheimsund kyrkje.

**Vidar Sangolt  
dirigent**



**Kyrkjetreff  
Ålvik kyrkje våren 2022  
om lag første tysdag i månaden  
kl 16.00-17.45**

**1. februar**

Program ved Ida Lindøe m fl

**8. mars**

Program ved prost em  
Arne O Øystese m fl

**5. april**

Program v/Solrunn Nes  
og spr Lars Arne Vik

Arr: Ålvik kyrkjelyd



**Dei tilsette  
i Den norske kyrkja  
i Kvam  
ynskjer alle  
ei velsigna julehelg  
og eit godt nytt år.**

**Velkomne til kyrkje!**

# JULE- OG NYTTÅRSKONSERTAR

i kyrkjene til Den norske kyrkja i Kvam

## Norheimsund kyrkje

- 27.11 Juleprosjektet *Et lite barn* med Hilde Hasselberg og Gunnbjørg Johanessen
- 05.12 HUBB (Hordaland ungdomsbrassand)
- 05.12 Laudamus
- 11.12 Norheimsund og Øystese ungdomskor
- 13.12 Lucia-konsert med Fryd
- 19.12 Norheimsund musikklag og skulemusikklag
- 16.01 Kor fra Norges Korforbund, Hordaland



## Strandebarm kyrkje

- 19.12 Strandebarm songlag

## Øystese kyrkje

- 15.12 Øystese musikklag, skulemusikklag, og Laudamus
- 23.12 Kvammakoret

## Ålvik kyrkje

- 13.12 Ålvik musikklag med fleire

# JULETREFESTAR

i Kvam

## Steinsdalen bedehus

Juletrefest andre juledag,  
26.12 kl 18.00.

Noko for dei yngre, andakt,  
matøkt og opplesing  
Arr: Steinsdalen indremisjon

## Norheimsund bedehus

Juletrefest for heile familien  
fredag 29. desember kl 17.00.  
Arr: Norheimsund indremisjon

## Tørvikbygd bedehus

Torsdag 30.12 kl 15.00  
vert det juletrefest  
Arr: Tørvikbygd indremisjon

# Origo ungdomsklubb

Høsten er godt i gang og vi har allerede hatt mange samlinger. Origo er en sosial møteplass for ungdommer i alderen 8. klasse +. Hver fredag møtes vi vekselvis i Øystese bedehus og Norheimsund bedehus for andakt, sosialt, aktiviteter og kafé. Aktivitetene er varierte; bordtennis, brettspill, konkurranser og grip mikrofonen.


I høst har det vært mellom 12 og 40 ungdommer på Origo. Vi har plass til enda flere, og ønsker Origo skal være en plass hvor det er godt å være. For tiden er vi inni en prosess for å tilpasse arbeidet til den voksende gruppen ungdommer som bruker fredagskvelden sammen med oss. Vi har stor forventing for arbeidet fremover og spent på veien videre. Vi ber om at Gud leder oss i styret når vi skal finne veien videre. «Lær den unge veien han skal gå, så forlater han den ikke når han blir gammel» Ordsspr 22,6.

Inviter gjerne med noen som burde sjekke Origo ut. Velkommen!

Julie Haaberg  
barne- og ungdomsarbeider  
i Øystese Indremisjon  
og Norheimsund indremisjon



Erika Nyborg, Lina Gjengedal Austevoll, Anna Norheim, Linde Nyborg, Delina Akliu og Ariel Gammelsæter i aksjon på Origo.



Ingmar Lid, Hallvard Kvendset og Benjamin Espen Espevik på Origo.



# Jul i prestegarden

Ingeborg Moldstad



**-Etter at vi hadde flytta frå Nordfjord til Vikøy, var det som om det fantes så mange utruleg sôte og engasjerte guitar i Kvam. Korleis kunne ein leve i ein slik overflod av spenning? Om det ikkje var den eine, så var det den andre, alltid nokon å sjå etter og drøyme om, skriv Ingeborg Moldstad om julen 1978 i Vikøy prestegard.**

Det å kjenner at det var julafta 1978 fylte meg med forventning og glede. Det var ikkje så lett å vite om ein eg var forelska ville komme innom med julepost. Han jobba jo i postvesenet og hadde det som sin ekstra jobb denne julen. Etter at vi hadde flytta frå Nordfjord til Vikøy, var det som om det fantes så mange utruleg sôte og engasjerte guitar i Kvam. Korleis kunne ein leve i ein slik overflod av spenning? Om det ikkje var den eine, så var det den andre, alltid nokon å sjå etter og drøyme om. Vi budde i eit svært gammalt hus med mykje historie i veggande. Far var oppe tidleg og han hadde sett seg ved skrivemaskinen. Det klimpra, og det tydde på at første juledagspreika kom til å bli bra. Mor hadde stått opp tidleg og hadde baka skikklegg grovbrød a la Ingrid Espelid Hovik.

Mine to år yngre søstrer hadde komme heim frå Voss der dei budde på Voss dag- og familieheim. Dei trengte ekstra hjelp, og Ida Fresvik, som budde på veg til Framnes,

hadde sagt vi skulle kome bort til henne på sjølvaste julafta, ho hadde noko til oss, sa mor. Eg stod opp tok med meg Eli og Toril og gjekk bort til Ida. Ho smilte så godt og var den perfekte person å møte før julekvelden skulle kome. Vi gav ho ein blome, og ho gav oss teiknesaker og så gjekk vi heim att. Mor og far hadde fått sett opp eit juletre av gran, og mi eldste søster Gro hjelpte til då vi kom heim. Vi hengte opp julepynt som så og seie berre var heimeprodusert.

Eli, Toril og eg hadde sett oss for å sjå på «Tre nötter til Askepott». Vi hadde nettopp fått farge-TV og var så nøgde med å sitja der og sjå denne nydelege filmen. Det ringte på døra, og eg tenkte at no måtte eg gå ut for å sjå om han eg var sjukt avstandsforelsa i hadde kome med viktig post. Jau, han stod der med ekstra julegåver til oss. Det var heilt magisk. Men lukka varte ikkje så lenge, då han spurde etter mi eldre søster og var lite engasjert i meg.

Trass i dette hadde eg bestemt meg for å ikkje la det øydelegge denne fine dagen. Det var jul i lufta, og eg var kome inn i ei god rytme. Eg gjekk opp til nabogarden og møtte Brita, og eg spurde etter fersk mjølk. På denne tida var det mote med askeavkok, så Brita spurte om mor drakk dette og eg svara, som sant var, at hun hadde prøvd det, ho og. Mor var ikkje heilt sikker på om det var til hjelp.

Etterkvart kom eg på at eg måtte sjekke at alle gaver var pakka inn. Så setter eg meg ned og spela cello ei lita stund for å kome i julestemning. Mor var så glad i «Mitt hjerte alltid vanker», så eg spelte den. Eg var så lukkeleg. Eg tenkte at det var fint å feire jul, det var jo grunna at vi feira at Gud viste så god omsorg for oss at han sende sin einaste son. Det var og er ei utruleg historie som eg hadde trudd på sidan eg var ni år. Eg såg for meg lukka i stallen, særleg var eg oppteken av hyrdane, som trass alt hadde passa på sauene og som var i god kontakt med naturen. Eg var sikker på at Gud var ekstra nøgd med at vi menneske er i god kontakt med naturen han har skapt.

Det var god lukt i huset, juletreet var så fint, vi pynta oss og skulle ete julegraut. Seinare var det lutefisk og gaver. Det var ei slik god stemning i huset. Alle var rolege og vi klarte å slappe av. Kvar og ein fekk kvar si bok, og det snødde ute. Det var betre enn ein kunne forvente. Det brann i omnien. Sjølv om eg ikkje likte lutefisk, så gjorde det ikkje noko, dessert og julekakene var gode og det var alltid god middag første juledag. Eg drøynde om min helt den natta. I min draum var det meg han spurte om ville vere med på tur på motorsykkelen. Retteleg god jul sa han til meg i draumen og gav meg eit lett julekyss etter turen.



På biletet ser me Vikøy prestegard der prestefamilien Moldstad budde frå mars 1977 til sommaren 1980. I dag bur Ingeborg i Bergen og jobbar som seksjonsleiar ved Haukeland universitetssjukehus. Eli bur på Utsikten i Øystese og Gro bur i Oslo. Foto: Gerd Ørbeck Vaagen.

# Kvinnelege prestar

Er det framleis plass i Den norske kyrka til dei som meiner at det å vera prest er noko du må vera mann for å vera – og som vil ta konsekvensen av dette med å ikkje ta del på gudstenester leia av ein kvinneleg prest eller der ein kvinneleg prest tek del som kvinneleg prest?

For ordens skuld: Eg har gjerne gudsteneste saman med ein kvinneleg prest, eg vaks opp på ei øy utan prest eller kyrkje, men med sterke kvinner i bresjen på bedehusa. Eg tenkjer slik: Kan eg sitja i ring og be me ein kvinneleg prest, kan eg og halda gudsteneste saman med henne.

Men eg forstår at her kan ein ha ulike syn. Og eg tenkjer det må lata seg gjera å laga ordningar som gjer at desse få menna som har Den norske kyrkja sitt tradisjonelle syn på prestetenesta kan vera prestar og samstundes ta konsekvensane av synet sitt på alvor.

Det er i det heile ikkje ofte me har gudstenester saman med andre prestar. Her i Kvam er det to fast tilsette prestar. Dei siste åra har me hatt ei, berre ei, gudsteneste saman gjennom året, på juledag, i staden for kvar vår i kvar vår kyrkje.

Lars Arne Vik

sokneprest



I prostiet vårt er det no to kvinnelege prestar i fast stilling. Når prestane er samla, er det ofte prosten som har gudsteneste, innimellanom går det på omgang mellom prestane. Så ikking annakvart år vil det normalt vera ei kvinne som leia ei gudsteneste når prestane er samla. Om då ein prest hadde halde seg vekke denne eine gongen, ville vel det ha vore til å leva med.

Og slik, tenkjer eg, kunne det lata seg gjera å finna gode løysningar, der det er behov for det. Me er då medlemmer av ei raus og open kyrkje.

## Julehelsing frå Ålvik sokneråd

«Når mørket er størst, er ljuset nærust» har det vorte sagt. Slik er det også i desse mørke haustdagane. Men så kjem adventstida med store forventningar til den komande høgtida. Tankane går til den aller fyrste jul, da englane kom med bod om at Gud hadde sendt oss sin eigen son. Derfor feirar vi jul med takk og glede.

*Salig fred, himmelsk fred,  
toner julenatt her ned.  
Engler bringer til store og små  
bud om han som i krybben lå.  
Fryd deg hver sjel han har frelst.*

For dei fleste av oss er jula ei god tid fylt av samvær med familie og vener, gode min-

ne og kjære tradisjonar. I år som i fjar vert det eit annleis år, men det er rart med det. Jul vert det alltid, sjølv om ikkje alt vert som ein tenkte i år heller. Ålvik sokneråd vil ønske alle ei god og triveleg julehøgtid og eit godt nytt år.

Ragnhild Irene Nordheim

Leiar Ålvik sokneråd



**KONFIRMANTAR I STRANDEBARM:** 1.rad: Elina Linga, Karina Bråten, Dagny Evita Lillefoss, Alida Skår Måge, Ida Djuprevåg. 2.rad: Sokneprest Roar Strømme, Sander Johan Thorsen-Håland, Lukas Nygård, Endre Oma, Emil André Haveland og prestevikar Marna Roer. Foto: Fotografmeister Eric Clement

# Den fyrste jul i eit framandt land

Elisabet Børshheim



**Nokre sette opp ein snømann med surfebrett. Det fall over ti centimeter med snø, og då me vakna juledagsmorgen, var alt kvitt. For meg kjendest dette som ei helsing ovanfrå denne jula langt heimefrå. Og vår nyfødde, vesle nordmann fekk snø på sin fyrste julekveld, skriv Elisabeth Børshheim, opphaveleg frå Børshheim i Strandebarm.**

Då eg fyrste gongen feira jul i eit framandt land, var landet ikkje lengre heilt framandt for meg sidan eg allereie hadde budd der i nokre år. Hausten 1999 flytta eg nemleg til Galveston Island som ligg i Texas, USA, men kvar jul reiste eg heim til den gode barndomsheimen min i Strandebarm. Det er ei spesiell glede å få koma heim der du er venta, der du er elska, der du kan vera fri og trygg. Då me nærma oss huset etter den lange reisa, kunne eg sjå at det lyste på rommet mitt, og eg visste at mor mi hadde tent på for at eg skulle sjå dette som ei velkomsthelsing i mørket. Eg vart møtt med jubel, ubetinga kjærleik og mat. Ute var det herleg norsk vinter, helst med snø, i stor kontrast frå Galveston som ligg heilt nede ved Mexico-gulfen med sitt subtropiske klima.

Tidleg i november 2004 fekk eg glede av å verta mor til vesle Hans-Christopher. «Born on the island» er ein spesiell hei-derstittel på øya. Som ny og bekymra mor tenkte eg det var for tidleg å reisa med han over Atlanteren allereie i jula, det kom til å verta so kaldt for han og so vidare. Mi gode venninne heimefrå minna meg på at det hadde vore fødd born i Norge i november før, og det måtte eg medgje at eg kjende til, eg som kvar november feira min eigen fødselsdag. Men det vart julefeiring i Texas det året.

Me planla å feira norsk jul saman med to andre norske familiar som budde i Galveston på den tida. På julafalta reiste me fyrst til gudsteneste i den norske sjømannskyrkja i Houston, omrent 45 min unna. Då me kørde motorvegen mot kyrkja, byrja det plutselig å visa seg snøfnugg i lufta! Eg hadde blitt fortald at det kanskje kom nokre snøfnugg omrent kvart tiande år, men til stor forundring og glede fortsette det å snø denne kvelden. Då me



**Hausten 1999 flytta eg til Galveston Island som ligg i Texas, USA, men kvar jul reiste eg heim til den gode barndomsheimen min i Strandebarm. Det er ei spesiell glede å få koma heim der du er venta, der du er elska, der du kan vera fri og trygg. Då me nærma oss huset etter den lange reisa, kunne eg sjå at det lyste på rommet mitt, og eg visste at mor mi hadde tent på for at eg skulle sjå dette som ei velkomsthelsing i mørket. Eg vart møtt med jubel, ubetinga kjærleik og mat.**

saman song dei kjære norske julesongane etter middagen, lava snøen ute! So langt ein kjenner til, har det aldri før vore snø i jula i Galveston og Houston-området. Nokre sette opp ein snømann med surfebrett. Det fall over ti centimeter med snø, og då me vakna juledagsmorgen, var alt kvitt. For meg kjendest dette som ei helsing ovanfrå denne jula langt heimefrå. Og den nye vesle nordmannen fekk snø på sin fyrste julekveld.

I vår bråkete verd kan tanken om ein levande Gud vera langt vekke, men om me lyfter blikket, vil me sjå snøfnugga i lufta

og kjenna hans godleik. Julebodskapen om Jesusbarnet som kom, handlar om Guds uendelige kjærleik til kvar og ein av oss. Det lyser ei velkomsthelsing i mørket. Me er velkomne heim der me kan få vera frie, elska og trygge. God jul!

*Elisabet Børshheim kjem frå Strandebarm. Ho arbeidde i mange år som forskar ved University of Texas Medical Branch, Galveston, TX, no er ho forskar og professor ved University of Arkansas for Medical Sciences, Little Rock, AR.*

# Trusopplærings

## FIRE-ÅRSBOK

Alle fire-åringene i Kvam ble invitert i kirken til en samling og en gudstjeneste der de fikk sin egen bok «Bibel for born». På samlingen var det mye gøy og spennende med sanger, lek, fortelling om Sakkeus, og aktivitet der de fikk en liten engel som de kunne ta med hjem.



Førsteklassingene og fire-åringene i Ålvik under aktivitet (lage engler). Foto: Mampion A.



Velsignelse med såpebobler på slutten av samlingen med fire-åringene i Norheimsund kirke. Foto: Eirin Botnen.



Lage engler, fire-åringene i Norheimsund kirke. Foto: Mampion A.



Dåpspåminning, samling med fire-åringene i Strandebarne kirke. Foto: Mampion A.

# hausten i Kvam



Foto: Mampion A.

## BABYSANG

Det var så kjekt å kunne møtes igjen! Mange mødre meldte sine barn til babysang, med sangstund i kirken, fin stund mellom mor/far og barn og ikke minst det sosiale med de andre mødrerne ved lunsjen. Det var koselig å komme i kontakt med de andre småbarnsforeldre i denne ensomme perioden, sa ei mor. Kjempebra opplegg, sa en annen 😊

## SKULESTART

Alle førsteklassingene i Kvam ble invitert til en samling i sin lokale kirke. Samlingene varte i ca. 1,5 time der førsteklassingene var med på ulike aktiviteter, hørte fortelling om Jesus som gikk på vannet. I den anledningen fikk de også sin egen bok som heter «Tre i eit tre», enten på slutten av samlingen eller på en gudstjeneste med bok utdeling. Kjekt og spennende å få begynne på skolen. Lykke til!

Tre glade førsteklassinger med sin bok utenfor Øystese kirke.  
Foto: Mampion A.



## SMÅBARNSTREFF


Det er fint å være tilbake til det vanlige og kunne møte andre småbarnsforeldre. Samlingene er for alle under skolealderen i følge med en voksen, i partalsuker i Norheimsund kirke fra kl 11.00.

## KONFIRMANT

Endelig ble det konfirmasjon til konfirmantene som skulle konfirmeres i mai og som måtte utsettes til høsten på grunn av pandemien. Nå er vi i gang med det nye kullet. Til sammen er det sytti konfirmanter som er påmeldte i år. Spennende!

## KRYBBEVANDRING

Når det nærmer seg jul blir barnehagene invitert til å delta på krybbevandring i kirkene i Kvam.



# Velkommen til gudsteneste!

## JANUAR

### 2. januar

Norheimsund kyrkje kl. 11

### 9. januar

Strandebarm kyrkje kl. 11

Øystese kyrkje kl. 17

### 16. januar

Ålvik kyrkje kl. 11

Norheimsund kyrkje kl. 11

### 23. januar

Øystese kyrkje kl. 11

Strandebarm kyrkje kl. 11

### 30. januar

Norheimsund kyrkje kl. 11

## FEBRUAR

### 6. februar

Øystese kyrkje kl. 11

Strandebarm kyrkje kl. 17

### 13. februar

Norheimsund kyrkje kl. 11

Ålvik kyrkje kl. 17

### 20. februar

Øystese kyrkje kl. 11

Strandebarm kyrkje kl. 11

### 27. februar

Ålvik kyrkje kl. 11

Norheimsund kyrkje kl. 16

## MARS

### 2. mars, Askeonsdag

Vikøy kyrkje kl. 19

### 6. mars

Øystese kyrkje kl. 11

Strandebarm kyrkje kl. 17

### 13. mars

Norheimsund kyrkje kl. 11

Ålvik kyrkje kl. 17

### 20. mars

Øystese kyrkje kl. 11

Strandebarm kyrkje kl. 11

### 27. mars

Ålvik kyrkje kl. 11

Norheimsund kyrkje kl. 11

## APRIL

### 3. april

Strandebarm kyrkje kl. 11

Norheimsund kyrkje kl. 17

NB! Det kan koma endringar. Sjå lysing i HF!

## FORFATTARAR MED LOKAL FORANKRING

# Peter Munheim

I år er det 130 år sidan diktaren Peter Munheim vart fødd. Han vaks opp og budde store delar av livet sitt på Mundheim. Han er det verd å hugsa på, for han har gjeve oss mykje vakkert gjennom diktinga si.

Han var ein allsidig kar. Han var både sterk og kraftig, naturglad, ein drøymar men og ein jordnær praktikar. Han var ikkje ein kravstor type når det kom til materielle goder, men han hadde stor-slagne tankar og karakteren hans var fast og tydeleg.

Frå han var gut likte han godt å lesa og å læra. Han ville hugsa alt han las og etterkvart vart han kresen på lesestoffet. Det var berre klassisk litteratur som kunne fylla både hugen og intellektet. Den høgaste forma for dikting var etter Peter si meining poesi. Difor valde han berre å skriva poesi sjølv. Han skal ha uttala at «det er berre det beste det er verd å tøya seg etter».

Han var fødd i 1891 og døydde i 1984. Han var gift med Jenny Eikholm og dei fekk to søner.


Han gav ut seks diktsamlingar. Dikta hans er tilgjengelege på biblioteket.

Kvam bibliotek



## FOLGEFONNI

I blånde høgsal  
på berghøyende  
kviler ho, helgskir,  
mot himmelsyni.  
Fjellfrrua prud  
frå fyndeheimen,  
dotter åt utlæge  
istidsdrotten.  
Tåkute tusunårs  
tider er farne,  
sida den storhuga  
stemnde heimanfrå  
søretter saman  
med snorame frendar,  
jøtlane Svartisen,  
Jostedalsbreen  
og Hardangergjøkulen,  
heilhuga fylgar.



Peter Munheim, ukjent fotograf, velvillig utlånt av Norsk allkunnebok /Nynorsk kultursetrum.

## DIKTET

Underleg er det med diktet arta  
for den som har båre det under hjarta  
og kan hugsa den blåe, såle  
fyrste gongen det åtte mæle -  
ordet, underet, tåredogga  
linda og lagt i versegogga

# «Riv Vikøy kyrkje!

Bygg ny i Norheimsund!»

**Kyrkjene skulle vera store og vakre slik at folk vart oppløfta og stemde til høgtid når dei kom til kyrkje. Då ville preika og kyrkjelege handlingar få den makta over folk dei var tiltenkte. Ei vakker kyrkje bygt etter tida sine krav, ville verka oppdragande på ungdommen og fremja sansen for alt fagert og godt, skriv Ove Kjell Sakseid om ungdommane som rundt 1900 ville riva Vikøy kyrkje og byggja ny i Norheimsund.**

Det var i den tid Johan Andreas Budtz Christie var sokneprest i Kvam og Realf Ottesen hjelpeprest, at det kom framlegg om at Vikøy kyrkje kunne rivast, og ny kyrkje setjast opp i Norheimsund. Og det var ungdommen i bygda som sette fram forslaget. Norheimsund Ungdomslag hadde ikkje runda ti år då dei engasjerte seg i saka, og stort sett alle ungdommane i bygda var tilslutta laget i 1902 då dei såg kva nytte folket i bygdene kunne ha av flytting av kyrkja.

Christi var sokneprest frå 1886 til 1917, medan Ottesen først hadde ein periode som hjelpeprest og kapellan frå 1888 til 1895, og sokneprest frå 1917 til 1930.

Kyrkja var ein av dei – lat oss brukha ordet institusjonane – ungdommane var svært opptekne av. Og prestane var sentrale medspelarar i drifta av ungdomslaga her i bygdene òg. Dei vitja ofte laga, og dei var leiarar for kora som var knytte til desse, og som song ved svært mange av gudstenestene.

#### Ikkje verta venare

Og lat oss klippa litt frå fråsegna ungdommane sende til Vikøy soknestyre:

«Alle medlemmer i Norheimsund Ungdomslag vender seg til Vikøy soknestyre med bøn um at det ikkje må vedtakast noko vøla eller tilbygnad av den kyrkja som no stend i Vikøy.

Det er vår meining at um kyrkja vert vølt, so vil det slett ikkje då heller verta so, at folk vert nøgde med henne, - sers då det leid um nokre år. Og me meiner og: Ved vøla vil kyrkja ikkje verta venare, ho vil rimelegvis verta styggare enn ho er.» Og dette blir sagt sjølv om arkitekten er den same som teikna slottet i Oslo.

#### Fremja sansen for alt fagert

Kyrkjene skulle vera store og vakre slik at folk vart oppløfta og stemde til høgtid når dei kom til kyrkje. Då ville preika og kyrkjelege handlingar få den makta over folk dei var tiltenkte. Ei vakker kyrkje bygt etter tida sine krav, ville verka oppdragande på ungdommen og fremja sansen for alt fagert og godt.

Derfor måtte Vikøy-kyrkja rivast, og ny kyrkje setjast opp i Norheimsund.

Men dei såg nøkternt på situasjonen. Det ville kosta folket mykje å byggja ny kyrkje. Og det like etter at Vikøy-kyrkja var løyst inn. Arne Olavsson Steine var eigar av kyrkja då kommunen overtok kyrkja i 1871. Eg trur likevel dei vona grunnsteinen til ny kyrkje i Norheimsund skulle leggjast ned før i 1986.

#### Etter tidi sine krav

Fråsegna frå Norheimsund ungdomslag vart underskriven av formannen, Nils B. Norheim, datert 10. februar 1902, og avsluttar med eit framlegg som lyder slik: «Den kyrkja som no stend i Vikøy vert bruka nokre år endå, til midlane og den frivillige innsamlinga hev auka so mykje, at det kan vera meining med å gå igang med byggjing frå nytt av. Kyrkja vert då å reisa i Norheimsund etter tidi sine krav.

Det vil vera ynskjeleg at teikning og kostnadsverslag for ny kyrkja snart vilde verta kunngjort.»

Johan Christie kom til Vikøy i 1886, og stod som sokneprest fram til 1917. Då var han 75 år gammal, og hadde vore i Vikøy vel 30 år.

#### Ove-Kjell Sakseid

Fast spaltist i  
Prestar i Kvam



På biletet ser me formannen i Norheimsund ungdomslag, Nils B. Norheim, som skreiv under fråsegna frå ungdomslaget om å riva kyrkja.

han 75 år gammal, og hadde vore i Vikøy vel 30 år.

Realf Ottesen vart tilsett som hjelpeprest i 1888, og berre seks år seinare vart han personleg kappelan hos Christie. Frå 1908 til 1917 var han sokneprest på Lye (Jæren), og Sandnes, før han kom attende og overtok Kvam etter Christie. Og dei to kyrkjene i Kvam var Øystese kyrkje og Vikøy kyrkje.

## TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenker på å ta sitt eige liv,  
andre er usikre, einsame eller redde.  
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. **kirkens-sos.no**

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
CHAT

**SOS**  
MELDING

 **KIRKENES  
SOS**

# Julehelsing frå Vikøy sokneråd

Astrid Helleve Fylkesnes



Nestleiar i Vikøy sokneråd

I ei julehelsing ser ein gjerne både bakover og tenkjer framover. 2021 har vore eit år annleis år. Det har vore eit år der me har voge mykje for og imot, vurdert fram og tilbake. 2021 starta med nedstenging og teljing av nyttårsgjester i heimen. Så har samfunnet opna att, og mange har igjen fått fulle kalenderar og travle tider. I skrivande stund har det nett vore ein flott vennefest med åtti born med foreldre i Norheimsund kyrkje. For meg festen

seier mykje om året. I planlegginga gledde me oss over at me endeleg kunne invitere borna til stor fest i kyrkja igjen. Når så datoен nærma seg, steig smitten, og me måtte igjen vege for og imot om det likevel så lurt. Så bestemte me oss for å flytte festen utandørs. Det vart så stemningsfullt og fint! Kanskje noko me kan gjenta? Me fekk igjen gjort nye erfaringar. Mitt ynskje for julen er å få eit rom til å tenkje gjennom kva erfaringar som var gode. Kva skal vere

med vidare? Korleis vil eg ha det, og korleis vil eg ikkje ha det vidare? Søke etter den gode retninga i livet framover. God jul!

Mitt hjerte alltid vanker  
i Jesu føderum.  
Der samles mine tanker,  
som i sin hovedsum  
Der er min lengsel hjemme,  
der har min tro sin skatt  
Jeg kan deg aldri glemme,  
velsignet julenatt.

## Støtt annonsørane våre - dei støttar oss

*Ynskjer du ei velstelt grav heile året?*

Me kan tilby stell og montering av EMPIRI.  
Kan også ta oppussing og oppretting av gravsteinar.

For informasjon og avtalar ta kontakt med Rusk og Rask  
v/Arvid Strømme tlf. 99597848.

**HB HARDANGER BYGGSENTER**

[www.hardangerbyggcenter.no](http://www.hardangerbyggcenter.no)

**BYGGtorget MESTERHUS**  
- det blir som avtalt



c)optikk

Bjelland

**Briller - kontaklinser - ur**

[www.optikar-bjelland.no](http://www.optikar-bjelland.no) tlf.: 56 55 20 50



**Byggmeister  
PER AUGESTAD A/S**

Tlf. 56 55 28 70 • Mob.: 950 59 910

Epost: [per@peraugestad.no](mailto:per@peraugestad.no) heimeside: [www.peraugestad.no](http://www.peraugestad.no)

**MESTERHUS**

[www.mesterhus.no](http://www.mesterhus.no)

**KLEPPE**  
HARDANGER NORGE

**KVAM**  
KRAFTVERK

**Til deg! For deg!**



**Sparebanken Vest**  
– satsar på vestlandet

[www.spv.no](http://www.spv.no) | Tlf. 05555

# FRÅ KYRKJEBØKENE

## DØYPTE

### Alvik sokn

Johanne Hereid Aalvik  
Nelia Torvund Rykkje  
Olai Neteland

### Øystese sokn

Nora Kvåle Syrstad  
Emma Birgitta Stuve Andersson  
Louie Haltvik Handegard  
Elea Fasteland Auganæs

### Vikøy sokn

Jon Andersen Oma  
Abel Øye-Tveit  
Tord Rabbe Valland  
Nora Elisabeth Torsvik Haugsøen  
Anton Bjørke  
Sander Steine  
Axel Anda Eide

### Strandebarm sokn

Saga Rud Berge  
Julian Jørgenvik Velure

## VIGDE

### Vikøy sokn

Anita Kvåle og Andre Dahle  
Kristine Maryam Riise og  
Knut Heide Nedkvitne

### Strandebarm sokn

Kathrine Møn Steffensen og  
Paal Winther Leversen  
Anette Holmefjord og  
Anders Solberg Strønen

## AVLIDNE

### Øystese sokn

Randi Marita Onarheim (f.1950)  
Trond Klyve (f.1927)

### Vikøy sokn

Knut Kåre Gamlem (f.1939)  
Annbjørg Jensen (f.1931)

### Strandebarm sokn

Kari Oma (f.1948)  
Johannes Ljones (f.1950)  
Herborg Tveit (f. 1931)  
Svanaug Engedal (f.1939)  
Annanias Tombre (f.1923),  
Hålandsdalen kapell

# KYRKJEKLUBB

## i Norheimsund kyrkje

for menneske med nedsett  
funksjonsevne

om lag siste torsdag i månaden  
kl 17.30-19.00

Torsdag 27.01 kl 17.30

Torsdag 24.02 kl 17.30

Søndag 27. 02 kl 16.00:  
Fastelavns-gudsteneste

Torsdag 31.03 kl 17.30

Torsdag 28.04 kl 17.30


Torsdag 19.05 kl 17.30

Torsdag 23.06 kl 17.30

Velkommen til bibelfortelling, song,  
fellesskap og kveldsmat.

Ein av prestane er alltid med.

Arr: Den norske kyrkja i Kvam



## MI SALME

# Fager er jordi

Min salme er « Fager er jordi» eller «Deilig er jorden».

Det er so flott å stå i kyrkja på julfta og syngja den songen, og avslutta med "Oss er ein evig Frelsar fødd!"

Jesus kom til oss,i ein stall. Gjetarane, av dei lågaste på rangstigen, var dei første som fekk høyrå at Han var fødd! Han kom til oss som treng Han, me som ikkje klarar å leva syndefritt. Så får me ta imot Han, Hans tilgjeving, det som Han gjorde på Golgata, når me ber om det.

Han gjore alt for at me skal bli frelst, berre me tek imot Jesus og trur på Han!

I Joh 3,16 står det: «For så elskar Gud verda at Han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på Han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.» Og i Joh 14,6 seier Jesus: «Eg er vegen, sanninga oglivet. Ingen kjem til Far utan gjennom meg.»

Velsigna jul.

Olaug Eide



Fager er jordi, herleg er Guds himmel,  
Glade gjeng sjelene pilgrimsgong.  
Gjenom dei fagre rike paa jordi  
Gjeng me til paradis med song.

Tider skal koma, tider burt skal kverva,  
Ætt skal fylgja ættarrad.  
Aldri skal tagna tonen fraa himlen,  
Sjeli sitt glade pilgrimskvad.

Englane song det først for hyrdingflokkene,  
Vent det tona for sjeli mødd:  
Fred yver jordi, menneske, gled deg,  
Oss er ein evig Frelsar fødd!

T Bernhard Severin Ingemann 1850

O Gunnar Torgeirsson Ryssstad 1900

M Breslau 1842

# FamilieKRIK Kvam

Etter ein pandemi-pause på halvanna år, starta FamilieKRIK Kvam opp att med samlingar i oktober. FamilieKRIK Kvam er eit lokallag i KRIK (Kristen Idrettskontakt). Føremålet med lokallaget er å skape ein arena der heile familien gjer noko kjekt og aktivt ilag - og ilag med andre familiær. Tanken er at få ting er så gøy og relasjonsbyggande som å leike og sveitte litt saman! Samlingane er i Framnes Arena, ikring annankvar laurdag, kl. 15-16.30. Samlinga startar alltid med ei felles leikeøkt, etterfølgd av ein pause med andakt. Deretter er det valfrie aktivitetar, i både fotballhallen og handballhallen. Aktivitetane passar barn og vaksne i alle aldrar, og alle som vil er hjartelag velkomne!

Sverre Lindøy  
FamilieKRIK Kvam



## Storaas-utstilling

Tirsdag 05.04.22 ville Audun Storaas ha blitt hundre år. Som kjent døde han 15.03.21, etter kort tids sykeleie. Helt til det siste var han opptatt av veldig arbeid, og særlig innsatsen til Mercy Ships. Han ønsket derfor å ha en salgsutstilling av egne bilder til inntekt for denne organisasjonen som driver sykehusskip i mange deler av verden, slik at mennesker også i land med dårligere helsestell enn hos oss kan få tilbud om nødvendig helsehjelp og operasjoner. Vi i familien ønsker ved påsketider 2022 å lage en retrospektiv hundreårs minneutstilling med hans kunst i Norheimsund kyrkje, og samtidig ha en salgsutstilling der overskuddet skal gå til Mercy Ships.

For familien  
Torgeir Storaas

## Mannsgruppa til KIA

Kvar torsdag har KIA mannsgruppe i Norheimsund kyrkje. På biletet frå tidleg haust ser med f v Tor Håkon Berge og Anam Negasi i ferd med å førebu maten til samlinga. (LAV)



## Forsterdiagonistikk

I samband med opninga av bispmøtet i oktober leia vår eigen sokneprest Roar Strømme eit seminar med tittelen: «Forsterdiagonistikk: Det sårbare livet – frå livets begynnelse. Etiske og diakonale utfordringer i kirke og samfunn.» Seminaret finn du på Youtube, <https://www.youtube.com/watch?v=CFqy-ELmGZnE>. (LAV)

# Juleeventyret i prestbygda

**Me småborna gjekk stille mot kyrkja og klauv opp den bratte loftstrappa i rein andakt. Me kroa oss saman i halvmyrkret på dei smale benkjene. Skjelvande i dei fine julekreasjonane våre, medan me lytta i reint alvor og tok imot klokkeklangen, skriv Gerd Ørbeck Vaagen i Juleeventyret i prestbygda.**

Å veka opp nær butikken og kyrkja i Vikøy var eit privilegium. Spesielt om ein var ein forviten jentunge som stakk hovudet bort i alt som skjedde rundt novene.

Førjulstida starta med at julestjerna i gul papp kom på plass i butikkvindauga til Olav Sørheim, «Olav butikk». Saman med spanske appelsiner innpakka i glanspapir og kandissukker i diskene, visste me at jula var like rundt hjørna.

«Summinga» av kjentfolk på julegåvejakt, som forvita seg ved glasdisken inne på bua, var årvisst og trygt. Bygdekonene kika på trådsneller, bukseselar, fargerike knappar, undertøy, papirenglar og anna «krims krams», medan karfolka jakta på lommetørkle med initialer til kona, eller glansbilete og appelsiner til ungane.

Endåtil dei såkalla bygdeoriginalane dukka opp når jula nærma seg og forvita seg langs reolane saman med andre bygdefolk.

Berre det å koma innom døra hjå «Olav butikk» og sjå kor mjøl, sukker, rosiner og kaffi vart vege og levert over disken i gråposer var spanande nok.

Utanfor lageret kom brødkassane fra Wilhelmsen -og Vikør bakeri. Dei var gode å lena seg til for karane under bygdepraten, medan konene tok runden inne. Det meste av nyhende fekk ein orientering om rundt desse brødkassane. Om ikkje ein tok turen tvers over vegen til Gren-



**På slaget fem såg me at loftslemmen i Vikøykyrkja vart opna: Heilagkvelden var komen.**

dahusaltanen og «Børsen» under tak, om regnet hølja ned. Lageret til Olav romma alt frå mjølk, mjølsekker, feske bollar, spikar, verktøy og rottegift, slik gamle lagerrom kunne romma.

I tilegg til bakst og husavask, var julekorta ein sjølvsagt ting i min barndom. Om ikkje alle hadde eit syskjenbarn på Gjøvik, fekk skyldfolk i aust og vest tilsendt fargerike julekort frå vikøybutikken med gullkanta ramme ytst. Det hørde med.

Det kjenst unødvendig å dra langt avgarde på julehandel når me hadde lokalbutikken vår, men ein tur til Grove, var reine byopplevelinga og hørde adventstida til. Å leia mamma rundt i Grova-butikkane, og avrunda med ei vitjing på Centro kafé var reine magien. Raud Hansa-brus og Napoleonskake smaka reint vedunderleg, medan mammo stakk hovuda saman med veninnegjengen rundt Centro-borda.

Ventetida mot jul var frykteleg lang. Huset skein, og nystrokne juledukar dekka borda og appelsiner og neter var på plass på stovefata i god tid føre julekvelden. Eg måtte for all del ikkje skitna til, eller røra noko før på sjølve aftan, må vita.

Då omsider julaftan kom, stilte far min i kvit skjorte og slips. Det lukta brylkrem og barberingsvatn, og mammo var oppdolla med permanent frisør Tolo og skein i bestekjolen. Lysa var tende og det lukta jul i heile huset ved sjøkanten i Prestbygda.

## Klokkeklangen

No gjenstod berre éin einaste ting: Klokkeklangen!

På slaget fem såg me at loftslemmen i Vikøykyrkja vart opna: Heilagkvelden var komen. Osvald Vågen og Kristian Vikøy var to av dei faste ryngjarane, og var som veteranar å rekna. Dei tilhørde dei gamle ryngjarane som kunne kunsten å dra taua med handamakt. Fyrst vart den eine klokka dregen i gong, deretter den andre. Plent som i eit parsymfonii fylgde dei tunge klokkena med i dansen, medan eit par unggutar stod klare og følgde scenansen med ørneblikk. Dei var på opplæring, så her måtte ein fylgja godt med.

Me småborna gjekk stille mot kyrkja og klauv opp den bratte loftstrappa i rein andakt. Me kroa oss saman i halvmyrkret på dei smale benkjene. Skjelvande i dei fine julekreasjonane våre, medan me lytta i reint alvor og tok imot klokkeklangen.

-No er da han Kristian som ringjer, da hører me på klangen, sa dei vaksne. Nei, da dar, må vera han Osvald, hører det på klangen, sa andre, medan dei kikka etter om pinnekjøtet var kokt og bordet hadde fått den siste finishen i heimehusa.

Dei fleste stogga opp og lytta, i det klokkeklangen frå Vikøykyrkja breidde seg over kvelden og bygda. På veg ned loftstrappa hang sjølvaste dåpsengelen Gabriel, skinande og fager over hovuda våre. Ute blaffa det i talgeljosa frå ei og annan grav, då skuggar av bygdefolk skunda seg heim til middag og feiring.

Ryngjarane kunne lukka att loftslemmen og gå kvar til sitt. Dei hadde gjort sitt; å fanga juleeventyret i Prestbygda. God jul!

**Helsing Gerdemor  
Gerd Ørbeck Vaagen**



**Vikøyborn utanfor butikken tek seg ein kvil på brødkassane.**

# «Stem opp ein song og la handtromma lyda»

Slik lyder det i Salme 81 i Bibelen. Ein ca 2500 år gammal tekst som manar til musikk for guddommen med trommer, harpe, horn og lyre. Men, musikken er nok mykje eldre enn dette. Det er umogeleg å gje sikkert svar på spørsmålet om kva som kom først hjå mennesket: talen eller songen? Somme forskrarar hallar til at songen kanskje er like gammal som mennesket. Song gjev glede og fellesskap. Sist eg opplevde dette, tilmed ganske sterkt, var under Blix kvelden nyleg i regi av Kvam mållag og Laudamus. Då Laudamus stod oppstilt framme i kyrkja og dei mange frammøtte stemde i «Å, eg veit meg eit land» med tydeleg songglede -og styrke, ja, då kjende eg på noko godt.

Me syng i `alle` samanhengar, i glede og i sorg. Der er salmar, barnesongar, supportarsongar, drikkeviser, folkesongar, og for ikkje å gløyma klassisk song og protestsong. Ikkje minst vert det sunge om kjærleik, tru, kamp og samkjensle. Sett litt på spissen, kan ein seia at song er ein del av den menneskelege tilstand. Eit av våre viktigaste kulturuttrykk, er det i alle

fall sikkert. Det følgjande har eg ikkje god greie på, det tykkjест både enkelt og komplisert: Stemmebandet er ein del av strupehovudet. Det vibrerer når me bles luft frå lungene. Det gjer oss i stand til å skapa ulike tonar. Ljose tonar vert skapte når me strammar musklane og myrke tonar når musklane er meir lause. Røysta vår er det finaste musikkinstrumentet, er det sagt.

Kan me så syngja oss til ei betre verd? Ja, trur eg, men det er sjølv sagt ikkje nok. Me ser då korleis urfolk sin song har vore med å setja deira liv og utfordingar i fokus. For nokre år sidan var mannskoret Laudamus i Litauen. Der opplevde me m.a. breidda i litauisk folkemusikk. Det var sterkt å høyra partisankoret der alle hadde vore fangar i Sibir. Me skjønna då kva musikken hadde hatt å seia dei mange åra Litauen hadde vore ein ufri nasjon. Og - kva betydning hadde ikkje dei amerikanske protestsongarane når det galdt Vietnamkrigen?

Eg innleia med ei flott oppleveling med fellessong her i bygda. Dei aller fleste kan vera med å syngja «Ja, vi elsker» på 17.mai.

**Lars Gunnar Lundblad**

Sosiolog og tidl. lektor (73),  
frå Voss, bur i Øystese



Men ein del er flauge for å opna munnen. Det skulle det ikkje vera grunn til: «Det er berre nokre svært få av oss som ikkje kan læra å syngja» hørde eg ein landskjem kordirigent seia i NRK for nokre år sidan. «Den som vil syngja, finn alltid ein song», heiter det i eit sitat med ukjent opphav.

Dette var altså ei oppmading om å syngja meir. Korsong er ikkje mindre enn ei folkerørsle som har vore ein viktig del av norsk kultur i to hundre år. Songkora i Kvam overlevde pandemien, om det kanskje heldt hardt. Dei par siste åra har der vore ein naturleg avgang blant kormedlemene i mannskoret Laudamus, som har medlemer frå Kvam og Herand. Koret har framleis ein god klang, ifylge vanlege tilhøyrarar og musikkyndige, men nye røyster er svært velkomne! Hugs på at Laudamus er det einaste mannskoret i Indre Hordaland. Det er forska på korsong og funna går m.a. ut på at korsongen kan fremja helse, glede, meistring og - ikkje minst: sosialt fellesskap. Og - det er vel ikkje lite?

## Julehelsing frå Strandebarm sokneråd

No har me igjen lagt bak oss eit utfordrande år på ulikt vis. Men no er samfunnet opna att, og det same er det kyrkjelegelivet. Bruk kyrkja igjen for å høyra Guds ord, kjenna høgtid, høyra god musikk og å treffa sambygdinger over ein kopp kaffi eller på kyrkjebakken. Kyrkja skal vera ein sentral møteplass i bygda, både for religion,

kultur og godt samvær. Særleg i jul og andre høgtider er det viktig for oss å kjenna på samhald og nærliek.

Eg håpar at me alle kan få ei signa fredfull og god jul. God jul! Ta vare på kvarandre.

**Olav Tombre**  
**leiar Strandebarm sokneråd**



## Julehelsing frå Øystese sokneråd

I Øystese sokneråd gleder me oss over at samfunnet opnar opp, og at me endeleg kan planleggja for normal drift. På bilete har leiar forevigde dei frammøtte i ein liten pause på soknerådmøtet i oktober. Me

ser fram til å møtast til julegudstenestene og ønskjer alle ei god og fredeleg jul

**Oddvar Ulltang**  
**leiar Øystese sokneråd**



# Nytt frå HimalPartner

## Bønenettverk for Nepal

Vil du vera med i bønenettverket for Nepal og HimalPartner, kontakt vår eige Ragnhild Skeie, ragnhildskeie@gmail.com, mangeårig misjonær i Nepal, og du får jamnlege e-postar med bøneemne.

Frå den siste e-posten saksar me følgjande:

1. Det er festivaltid i Nepal og som tidlegare år, tida for den største folkeflytninga i landet. Folk reiser til sine heimplasser for å feira Dassai saman med familie og vener. Det er framleis høg smit-

tefare i landet og talet på vaksinerte i Nepal er framleis låg (20 - 30%), så be om at denne tida ikkje fører til ei ny oppbløming av smitte i landet.

2. Monsoonen (regntida) har vore uvanleg kraftig i år og skulle for lengst vore over, men det kjem framleis rapportar om flaum og ras som forårsakar død og tap av både hus og matjord.

3. Sjølvmordsraten i Nepal har auka under pandemien.

Be for ei mor som sørger over sonen som tok livet sitt. Be og for familien som tek avstand frå henne fordi ho vil vera kristen. Ho har også ei dotter med ryggskade, be om visdom og mulighet for å forsørgja seg og dottera.

Be også for dei mange fattige i landet som blir ramma av aukande prisar på mat, gass og andre naudsynte varer.



Etter ei julegudsteneste i Nepal er det fest, fortel Ragnhild Skeie, mangeårig misjonær i Nepal, og då er det viktig med mat. Det blir laga gruer ute av murstein, tent opp bål og store gryter blir lånt inn til å koka ris og kjøt. Denne dagen skal ingen gå svoltne heim. Mange av dei som kjem til kyrkja denne dagen, har lite mat og veit at dei kan få seg eit godt måltid etter gudstenesta. Alle er velkomne!

## Julehelsing og takk frå HimalPartner

### Vi har fått for å dele

Som nyvalt styreleiar i HimalPartner fekk eg spørsmål om å skrive julehelsing til kyrkjebladet «på hi sio» – eg er så heldig at eg har vakker utsikt til Kvam frå stoveglaset i Herand. Og når har fått ordet, vil eg gjerne takke alle som er bryr seg om folk i Nepal, og støttar HimalPartner sitt arbeid der!

Ja, vi snakkar om støtte til ulike prosjekt, men det handlar om menneske: Lærarar som får hjelp til å undervise på ein ny og barnevennleg måte med leik og

læring, i staden for pugg og straff, foreldre som oppdagar korleis dei kan få eit betre forhold til barna sine, helsepersonell som har fått utstyr dei treng for å redde liv i pandemien, psykisk sjuke som blir tekne vare på og får eit meir verdig liv, unge som får relevant yrkesutdanning og kan ta i bruk nye CNC maskiner. Praktisk hjelp og støtte når mange.

Men ikkje minst handlar det om å bry oss om våre medarbeidarar og kristne søsken i Nepal. Dei har hatt tøffe ut-

### Reidun Haugen Dalseth

Styreleiar for HimalPartner, som bur i Herand.



fordringar dette året, men vi får likevel meldingar om at dei står på og hjelper andre – pastorar går på besøk til sjuke, små kyrkjelydar stiller opp og deler det dei har, og våre medarbeidarar kan hjelpe mange på grunn av vårt felles engasjement.

Kvifor engasjerer vi oss? Vi har fått for å dela, det handlar også jula om!

Velsigna jul!

Avsender:  
Kyrkjeblad for Kvam  
Postboks 39  
5601 Norheimsund

## Ei kroppsleg jul

**-Gud søker oss som heile menneske, så lat oss møte han slik. Difor håpar eg at du som les dette tek på deg (regn)frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne jula. Kom gjerne på julaftan! Men sjølve dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg, seier biskop Halvor i juleandakten sin.**

Det vart ein underleg julaftan for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kantar. Dersom vi ville samlast i kyrkja, kunne vi berre møtast veldig få. Nokon trassa vêr og vind og heldt gudstenesta utandørs, men dei fleste heldt seg nok heime. Eg håpar vi ikkje får oppleva slike tilstandar ein gong til.

For viss det verkeleg er ei tid på året der vi må møtast fysisk og kroppsleg, ta kvarandre i handa, og gjerne òg gi kvarandre ein skikkeleg klem, så må det vel vera i jula. Jul handlar nemleg om kropp og om nærvær.

Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagt i krubba. Jesus var eit heilt vanleg barn til fingerspissane – og samtidig noko så uvanleg som ein halv meter Gud, lagt på strå og utlevert til Marias og Josefs omsorg. Guds Son vart eit foster og eit spedbarn, hjelpelaus og hjelpetrengande. Slik vi alle kom inn i verda, og var avhengige av å bli tekne imot på ein god måte.

Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppsleg som dette, blir det ikkje heilt det same å feira denne hendinga framfor kvar vår skjerm. Det er mykje bra som blir formidla på nettet og på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan komma til kyrkja er skjermen mykje betre enn ikkje noko. Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gatekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga.

Gud søker oss som heile menneske, så lat oss møte han slik. Difor håpar eg at du som les dette tek på deg (regn)frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne jula. Kom gjerne på julaftan! Men sjølve dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg.

Nokon av oss har det slik i jula at vi gjerne vil komma til kyrkja, men nøler



**Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gatekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga, skriv biskop Halvor Nordhaug i juleandakten sin dette året. Foto: Bjørgvin bispedøme**

fordi vi er usikre på om det er riktig. Trua kjennest for liten og tvilen for stor, eller det er andre grunnar til at ein ikkje passar inn. Viss du er blant dei som tenker slik, seier eg: Det er ikkje trua vår vi feirar, men at Gud er komen til oss. Og om trua vår er svak, og det er den ofte, så er Guds nærvær likevel heilt og sterkt og utan noko etterhald.

Så når Gud vil møta oss alle i kyrkja, er det grunn god nok til å komma. Slik hyrdingane kom til stallen og tilbad, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod kva dei var med på.

Men kan du ikkje komma til kyrkja, så vêr trygg på at Gud uansett vil møta deg der du er og dela dagane dine med deg. For etter den første jula, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko menneskeleg som er framand for Han.

Eg ønsker deg og alle dine ein glad og velsigna jul!

**Halvor Nordhaug  
Biskop i Bjørgvin**